



Statens vegvesen

Bømlo kommune
v/Odd Harald Hovland
5430 BREMNES

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Eva Birgitte Teige - <tom>

Vår referanse:
2015/017368-002

Dykkar referanse:
2011/1609-2698/2015

Vår dato:
17.03.2015

Svar på søknad om busstopp - E39 - Heiane vest / sør Industrifelt - Stord

Viser til brev datert 06.02.2015 om pendlarbusstopp ved Heiane industriområde.


Denne saka med ønske om busstopp veit me om, den har versert ei stund. Som kjend går det føre seg eit arbeid som gjeld kyststamvegen og ein evt ny trase for E39. Det er starta opp ei konsekvensutgreiing av dei føreslåtte alternativa i kommuneplanen på strekninga Heiane – Ådland. Den er venta ferdig til sommaren, og val av trase vert gjort etter dette.


Dersom det vert gjort val om ny trase vil eksisterande E39 mogeleg bli omklassifisert til fylkesveg. Uansett val vil strekninga på eksisterande E39 bli sett på for å finne betre løysingar for kollektiv, gåande og syklende. Statens vegvesen ser på løysingar for strekninga uansett kva trase som blir vald for E39.

For å få midlar til riksveg må ein gå den lange vegen om NTP. Dei fleste midlane blir bundne, og det er lite rom for justeringar frå år til år. I 2015 fekk me i Sunnhordland kr 0 til busslommer /kollektiv på riksveg.

No er ny NTP prosess starta opp, og me kjem til å spela inn fleire tiltak på riksveg i Sunnhordland. Me kan dessverre ikkje lova busslomme på staden det er søkt om før desse ovannemnde avklaringane er på plass, men me tar det med oss vidare i prosessen.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
Seksjonsleder


Eva Birgitte Teige

Kopi: Stord kommune v/ordførar, Postboks 304, 5402 STORD
Skyss, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Olvikvegen 50
5416 STORD

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: